

## Kom i gang med skoleutvikling



## I. Forord

---

### **Kunnskapsløftet**

Både innhold, struktur og roller i norsk utdanning er i endring. Grunnopplæringen må ha beredskap og kompetanse til å håndtere nye betingelser og forventninger fra elever, foreldre, egne medarbeidere i tråd med utviklingen av kunnskapssamfunnet. Norsk skole kjennetegnes ved store og til dels systematiske prestasjonsforskjeller mellom elevene. Kunnskapsløftet stiller skoler og skoleeiere overfor store utfordringer med større lokal handlingsfrihet og tydelige mål for elevenes læring.

Utdanningsdirektoratet har utviklet verktøy til hjelp og støtte for skoler og skoleeiere i dette arbeidet, Ståstedsanalysen, Organisasjonsanalysen, Skoleeieranalysen og Tilstandsrapporten. Analyseverktøyene ligger på Skoleporten, og alle skoler har fri tilgang til analysene.

### **Kvalitetsutvikling i skolen - Støtte fra Veilederkorps**

Utdanningsdirektoratet inviterer kommuner, fylkeskommuner og skoler til å delta i et samarbeid for kvalitetsutvikling i skolen. Veilederkorpsset gir støtte til skoleeiere og skoler som trenger veiledning for å bedre læreprosessen i skolen. Målet er at flere elever skal lære og mestre mer, og fullføre utdanningsløpet.

### **Veiledning til skoleeier og skoleledelse**

Veiledningsarbeidet retter seg mot ledelsen i kommunen og på skolen. Ved hjelp av analyseverktøy kartlegger skoleeier og skole aktuelle områder som bør utvikles. Verktøyene tar utgangspunkt i kvalitetsindikatorer som nasjonale prøver, elevundersøkelsen eller andre undersøkelser som brukes lokalt.

Veilederne gir støtte slik at skoleeier og skole kan komme i gang med lokalt utviklingsarbeid. Veilederne bidrar med kunnskap, erfaringer og råd som gjør skolen bedre rustet til å møte de utfordringene som dukker opp når tiltak skal gjennomføres, og den pedagogiske praksisen skal endres.

I tillegg til denne veiledningen får noen kommuner tilbud om ekstern skolevurdering.

### **Ekstern skolevurdering for å forsterke utviklingsarbeidet**

Opplæringslova:

Kapittel 2. Rapportering og evaluering av opplæringsverksemda

(Opplæringslova § 14 – 1 fjerde ledd)

§ 2-1. Skolebasert vurdering

Skolen skal jamnleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigar har ansvar for å sjå til at vurderinga vert gjennomført etter føresetnadane


Endra ved forskrift 4. mars 2008 nr.214 ( i kraft 5. mars 2008.)

Forskriften nevner ikke hvordan den skolebaserte vurderinga skal gjennomføres, men en av måtene er ekstern skolevurdering.

Ekstern skolevurdering er et verktøy som blir brukt i mange kommuner og regioner for å forsterke utviklingsarbeidet på skolene.

### Tegn på god praksis

Utdanningsdirektoratet bygger vurderingsmodellen på en tilpasset versjon av Hardanger/Voss-regionen sin skolevurderingsmetodikk. De eksterne vurdererne har brukt denne metodikken i sitt arbeid i flere år. Modellen består av fem trinn:



Rapportens tittel spiller på det fremtidsbildet som er utviklet for skolens utfordringer (pkt. 3). I tillegg til målformuleringer, settes det opp konkrete tegn på hva som kjennetegner en god praksis, noe som synliggjør involvering og løsningsorientering i stedet for problemfokusering. Tegnene fungerer som kjernen i vurderingsprosessen. Et bredt spekter av interessenter vil få uttale seg om skolens nåværende praksis i forhold til tegnene på god praksis.

## Faglig grunnlag for ekstern vurdering


Kvalitetsarbeid og skolebasert vurdering  
skoleutvikling og organisasjonsutvikling

### Skolevurdering



Veksling

### Endring av praksis



## II. Fakta om skulen

Sæbø skule ligg i Radøy kommune, i Austmarka bustadområde, sør på Radøy. Skulekrinsen vart etablert i 1972 etter samanslåing av tre grendeskular. I august 2009 flytta vi inn i nytt og flott skulebygg med fleirbrukshall. Nyeskulen har fleksible og delvis opne undervisningsareal. Frå skulen har elvane gangavstand til både sjø, skog, ferskvatn og opne landskap. I skogen 15-20minutt gange frå skulen har vi i samarbeid med andre i lokalmiljøet sett opp lavvo. Den vert nytta både av SFO og uteskule.

Skulen er og ein viktig plass i lokalsamfunnet ettersom fleirbrukshallen saman med delar av skulebygget er bygda si storstove. Her skjer det meste av lag og organisasjonar sin aktivitet i den søre delen av kommunen.

Skulen er fulldelt og elevtalet har variert frå 125 til 140 dei siste åra, inneverande år er vi 121. Av desse er det 43 som nyttar SFO-tibodet. Tilsette: 11 heile lærarstillingar inklusive administrasjon og 3 heile assistentstillingar, inklusive SFO. Stillingane er fordelt på 22 tilsette.

Sæbø skule sin visjon er: Ein god stad å vera, ein god stad å læra.

### III. Val av hovudutfordring

---

Ut frå resultat av Ståstadsanalysen og Organisasjonsanalysen og andre identifiserte utviklingsområder kjem skule, skuleeigar og rettleiarar fram til skulen sin hovudutfordring. Denne formulerast og blir utgangspunkt for den eksterne vurderinga.

Som følgje av resultatata i Ståstadsanalysen og SWOT-analyse har skulen valt som hovedutfordring temaet: **Tilpassa opplæring!**

### IV. Framtidsbilete

---

Å vurdere vil her si å måle ein nå-situasjon opp mot ein idealtilstand. Her blir en slik idealtilstand kalla eit framtidsbilete. Eit framtidsbilete belyser temaet frå ulike sider og er knytt til aktivitet. Framtidsbiletet vert konkretisert ved å dele det inn i kvalitetsmål med teikn på god praksis. Skulen sin eksisterande praksis blir vurdert opp mot dette biletet. Kvalitetsmål og teikn på god praksis på framtidsbiletet skal henge nøye saman med påstandane i ståstadsanalysen, organisasjonsanalysen og elevundersøkjinga. Framtidsbiletet er utforma av vurdererarar, men skulen er involvert i arbeidet i forkant av vurderingsprosessen.

Skulen har godkjent at følgjande skal vere kvalitetsmål og teikn på god praksis på nettopp deira skule:

### Framtidsbilete Sæbø skule Tilpassa opplæring

<b>Kvalitetsmål</b>	<b>Teikn på god praksis</b>
Elevane trivs og opplever mestring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Elevane veit kva dei skal lære</li><li>• Elevane får velje ulike oppgåver for å nå læringsmåla</li><li>• Elevane får ta i bruk ulike arbeidsmåtar for å nå læringsmåla</li><li>• Elevane er med og vurderer eiga læring</li></ul>
Lærarane gir opplæring tilpassa den enkelte elev si evne og føresetnad	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lærarane bruker resultat frå kartleggingar for å tilpasse opplæringa til alle elevane</li><li>• Lærarane gir opplæring i ulike læringsstrategiar</li><li>• Lærarane har utarbeida vurderingskriterier for faga</li><li>• Lærarane gir fortløpande tilbakemeldingar om korleis elevane ligger an i forhold til læringsmåla og rettleiar eleven i vidare arbeid</li></ul>
Forventningar mellom skule og heim er avklart	<ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldra kjenner til læringsmåla</li><li>• Foreldra er kjend med omgrepet og innhaldet i tilpassa opplæring</li><li>• Foreldra veit korleis dei kan hjelpe elevane i læringsarbeidet</li><li>• Under utviklingssamtalen blir det avtalt tiltak som fremmer eleven si læring</li></ul>
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Det er satt av tid og personalet bruker denne til erfaringsdeling og drøfting av tilpassa opplæring</li><li>• Skulen drøfter resultat frå det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for å betre læringsresultata</li><li>• Skulen har system for å fange opp og sette inn tiltak når elevar har svak fagleg utvikling</li><li>• Leiinga og tilsette er lojale overfor vedtak som er fatta</li></ul>

## V. Teikn på god praksis

### **Samanstille og sjå mønster**

Når alle data er samla inn ved hjelp av ulike metodar, vert desse dataa samanstilt. Vurdererane analyserer og vurderer informasjonen ved å spegle den mot framtidsbilete (teikna på god praksis).

Ut frå denne vurderinga vert det trekt konklusjonar. Ein finn fram til skulen sine sterke sider innan skulens valte område, og til sider som bør utviklast for å bli betre.



### **Kvalitetsmål: Elevane trivs og opplever mestring**

- **Elevane får velje ulike oppgåver for å nå læringsmåla**
- **Elevane får ta i bruk ulike arbeidsmåtar for å nå læringsmåla**

I samtale med elevar, lærar og assistentar kjem det fram at skulen legg til rette for at elevane får jobbe både variert og på ulikt vis. Elevane fortel at dei jobbar både individuelt og i gruppe, og foreldre fortel om ein skule som er flink til å bruke nærmiljøet.

Elevar og lærarar fortel at data vert brukt til mengdetrening i ulike fag, når dei skal lage presentasjonar eller ha anna gruppearbeid. "AskiRaski" vert brukt på heile klassar og i tilpassa undervisning til enkeltelevar. Kvart klasserom er utstyrt med smartboard. Denne nyttar lærarane både som tavle

og som eit interaktivt læremiddel. Dei ser filmsnuttar knytt til fag og tema, og den blir brukt som bilet- og lyd-framvisar. Dette såg me også i observasjon.

Skulen nyttar læringsplattformen It's learning. Her legg nokre lærarar ut oppgåver som elevane skal gjere når dei har AP-timar (arbeidsplan).

2 dagar i veka (tilsaman ca.3-6 timar) arbeider elevane etter ein arbeidsplan/AP. Her får dei oppgåver henta frå læreboka eller oppgåver som læraren har laga. Oppgåvene skal løysast individuelt medan andre krev samarbeid. Elevane vel sjølv i kva for rekkjefølgje dei gjer oppgåvene. Arbeidsplanen har oppgåver som "skal" gjerast og oppgåver som "kan" gjerast. På AP finn ein og oppgåver der elevane trenar seg til vekeprøven som dei har kvar fredag. Nokre oppgåver kan vere av praktisk slag.

På 1.-4.trinn har dei aldersblanda grupper ca. tre timar kvar veke. Her arbeider elevane med ulike emne. Hovudfokus i desse timane er praktiske aktivitetar knytt til uteskule, praktisk matematikk, kunst og handverk, og IKT.

I observasjon så me lærarar som nytta ulike hjelpemiddel i undervisninga, enkelttimar med god variasjon både i forhold til aktivitetar og arbeidsmåtar. Funna me har gjort stadfestar svara i Ståstadsanalysen.

<b>23. I daglig læringsarbeid benyttes varierte arbeidsmetoder systematisk</b>				
Ståstedsanalysen 2013/2014	69,2%	30,8%	0,0%	

### **Kvalitetsmål: Lærarane gir opplæring tilpassa den enkelte elev si evne og føresetnad**

- **Lærarane gir opplæring i ulike læringsstrategiar**

I samtale med elevane fortel dei at dei nyttar ulike læringsstrategiar i arbeidet. Dei minste elevane nyttar tankekart, medan dei eldre elevane fortel om bruk av VØL-skjema og BISON. Sjølv om skulen ikkje har ein plan for

opplæring i ulike læringsstrategiar, fortel lærarane at dei samsnakkar og veit kva for læringsstrategiar elevane har fått opplæring i. Desse strategiane vert nytta i ulike fag og av ulike lærarar. I observasjon så me at nokre elevar fekk velje arbeidsmetode og strategi i oppgåveløysing. Assistentane/fagarbeidarane stadfestar at det vert arbeid med læringsstrategiar.

### **Kvalitetsmål: Forventningar mellom skule og heim er avklart**

- **Under utviklingssamtalen blir det avtalt tiltak som fremmer eleven si læring**

Skulen har utarbeida 2 ulike skjema til bruk på elev- og foreldresamtalen. Ein for 1.-4.trinn og ein for 5.-7.trinn. Her får elevane tilbakemelding om korleis utviklinga er fagleg og sosialt, orden og åtferd, og mål for det vidare arbeidet. Både elevane og foreldra kan komme med innspel på vurderinga og dette vert drøfta på utviklingssamtalen. Dei eldste elvane fortel at det ofte vert gjort avtalar på foreldresamtalen. Desse vert drøfta ved neste foreldresamtale.

På skjemaet for 5.-7.trinn skal elevane saman med foreldre/føresette også gjere ei eigenvurdering. Her skal dei m.a. kryssa av i kor stor grad dei opplever mestring i dei grunnleggjande dugleikane og gjere ei vurdering av eigen innsats. Dei skal og skrive ned område som dei ynskjer at lærarane skal hjelpe dei vidare med.

Dokumentanalysen stadfester dette.

## VI. Praksis som kan bli betre

---



### **Kvalitetsmål: Elevane trivs og opplever mestring**

- **Elevane veit kva dei skal lære**

<b>Elevane forstår hvilke kompetanse- og læringsmål de arbeider mot</b>				
Ståstedsanalysen 2013/2014	53,8%	46,2%	0,0%	

I ståstadsanalysen svarer 53,8 % av lærarane ved Sæbø skule at praksisen er tilfredsstillande. Likevel finn vurderarane at praksis på dette området kan bli betre. Ved gjennomgang av skulens vekeplanar ser vi at ca. halvparten av vekeplanane har læringsmål.

Dei elevane som har læringsmål på sin vekeplan, er medvitande om dette. Vidare fortel elevane at læringsmål har liten fokus i enkelttimar. Dei fortel at læringsmåla blir snakka om når vekeplanen vert delt ut, eller når eit nytt tema startar. I enkelttimar har lærarane eit større uttrykt fokus på det som skal gjerast enn det som skal lærast.

Foreldra var og tydelege på at dei var usikre på kva for læringsmål elevane til ei kvar tid arbeidde etter.

Lærarane sjølve stadfestar at skulen ikkje har ein felles praksis i arbeidet med læringsmål, og dei er klår over at dette må setjast i fokus. Manglande

læringsmål gjer det også vanskeleg å rettleie elevane i vidare arbeid, då kriterium for måloppnåing heng saman med definerte læringsmål.

I observasjonen såg vi ikkje synlege læringsmål i klasseromma og vi observerte heller ikkje at det blei snakka om dei.

### **Kvalitetsmål: Lærarane gir opplæring tilpassa den enkelte elev si evne og føresetnad**

- **Lærarane bruker resultat frå kartleggingar for å tilpasse opplæringa til alle elevane**

<b>26. Skolen bruker resultater fra kartlegginger når vi planlegger nye læringsaktiviteter</b>				
Ståstedsanalysen 2013/2014	69,2%	30,8%	0,0%	
<b>27. Lærerne følger opp resultater fra kartlegginger og prøver i det daglige arbeidet med hver enkelt elev</b>				
Ståstedsanalysen 2013/2014	69,2%	30,8%	0,0%	

I ståstadsanalysen seier ca.70% av lærarane at dei bruker kartleggingsresultata både i forhold til planlegging av undervisning og ved oppfølging av kvar enkelt elev i det daglege arbeidet. Vurdererne har sett at skulen har ein kartleggingsplan, men manglar system for oppfølging. Elevane blir kartlagde, men oppfølging av kartleggingane er meir eller mindre overlat til den einskilde lærar. Det er ulikt i kor stor grad dei nyttar kartlegginga til tilpassing. Resultata frå kartleggingane vert arkivert hos den einskilde lærar i permar.

I dokumentanalysen og i samtale med foreldra kjem det fram at resultata av kartlegginga vert gjort kjend på foreldresamtalen. Elevane stadfestar dette, og seier at læraren i liten grad drøftar resultata med dei, og korleis den enkelte elev kan betre resultata.

Sjølvs om det har blitt sett i gang lesekurs eller matematikkurs på initiativ frå lærarar etter ulike kartleggingar, seier lærarane sjølv at dei har vanskar med å få organisert dette innanfor teamet og rammene dette skuleåret.

Skulen må få eit system som ivaretek kvar einiskild elev sin rett til tilpassa undervisning. Både dei som scorar lågt og dei som scorar høgt på kartleggingsprøvene.

### **Kvalitetsmål: Forventningar mellom skule og heim er avklart**

- **Foreldra er kjende med omgrepet og innhaldet i tilpassa opplæring**

<b>70. Forventningene mellom skolen og foreldrene er avklart</b>				
Ståstedsanalysen 2013/2014	38,5%	61,5%	0,0%	

I samtale med foreldra kom det tydeleg fram at omgrepet og innhaldet i tilpassa opplæring er uavklart for mange foreldre. Dei etterlyser meir kunnskap om temaet. Vidare ynskjer dei meir dialog og samarbeid om skolen sitt virke, slik at dei får betre innsikt i skulen sine prioriteringar.

Forventningar mellom skule og heim må avklarast.

### **Kvalitetsmål: Skulen er ein lærande organisasjon**

- **Det er satt av tid og personalet bruker denne til erfaringsdeling og drøfting av tilpassa opplæring.**

Skulen har ein time til arbeid i team og ein time til arbeid i fellesskap kvar veke. På skulen sin plan for denne tida, er temaet «tilpassa opplæring» satt opp som fokusområde i 8 veker i tillegg til ein planleggingsdag denne hausten. Lærarane uttrykkjer at tilpassa opplæring i større grad blir drøfta på dei uformelle arenaene enn i fellestid. Dei fortel at nokre diskusjonar har vore

tatt opp på teammøta, medan det på fellesmøta oftast berre vert tid til informasjon.

I samtale med assistentane/fagarbeidarane etterlyser dei tid til å sette seg inn i dokument som er viktig for det arbeidet dei skal utføre. Dei etterlyser og rettleiing i korleis dei på best mogleg vis kan hjelpe den enkelte i elev. I dag blir ulik informasjon gitt i pausetid og i korridorane.

Det blir og framheva at ein time til erfaringsdeling og refleksjon i fellesskap blir for knapt når ein skal fordjupe seg i eit emne og trekkje konklusjonar. Nokre lærarar etterlyser meir tid til drøftingar som fører til endra praksis for heile skulen. Skulen må vurdere om bruken av arbeidstidsavtalen er hensiktsmessig.

Skulen si leiing må framstå som tydelegare. Leiinga må ta styring og følgje opp det pedagogiske utviklingsarbeidet, slik at det vert implementert i skulen sitt virke.

## Vedlegg A.

### Deltakarar i ekstern vurdering

Det er viktig at de skulane som mottar rettleiing forankrar prosessen hos elevane, foreldre, alle skolens medarbeidarar og andre samarbeidsparter som er viktige for skulen. Ekstern vurdering sikrar at dei ulike stemmene blir høyrte og sett.

- Interne: Elevar, foreldre, lærarar, fagarbeidarar og leiinga ved skulen
- Eksterne: Wenche Lien, rettleiar og vurderar  
Tove Haugen, ekstern vurderar

### Grunngjeving for val av informantar

Skulen har valt "Tilpassa opplæring" som tema for vurderinga. Temaet tilseier at alle dei involverte partane i skulen får uttale seg. Dette gjeld både elevar, foreldre og tilsette ved skulen.

## Vedlegg B. Tidsplan og aktivitetar

Forut for vurderingsveka på skulen, har det vore kontakt mellom vurderarar og skule, og data er innhenta. Det er utarbeida ein tidsplan for prosessen. Framtidsbiletet er utarbeida og diskutert og forandra i samspill med skulen sitt personale. Personalet har gjennomført ein ståstadsanalyse som rettleiarane har vore med på å summera opp. Samtaleguidane er utarbeida og møte med føresette planlagt.

Det er avsett inntil tre dagar (fire dagar på store skular) til sjølve vurderinga. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurdererane og rektor/leiing og personalet møtes for første gang. Så starter informasjonsinnhentinga gjennom samtaler, møter, observasjon o.l. Alle data vert samanstilt, og vurdererane leiter etter mønster i materiale og speglar det mot framtidsbiletet. Rapport vert skrive og lagt fram for personalet den tredje dagen.

Å gjennomføre ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ein avgrensing av temaet.

**Tidsplan:**

<b>TID</b>	<b>AKTIVITET</b>	<b>ANSVAR</b>
Veke 36	Skulen vert kontakta av vurderar	Vurderar
Veke 37	Forslag til "Framtidsbilete" blir utarbeida, og sendt til skulen Foreldrebrev blir sendt til skulen Powerpoint om vurderinga blir sendt til skulen Framdriftsplan blir sendt til skulen Møte med skulen på tlf om praktiske gjeremål på fredag	Vurderar
Veke 39/40	Rektor sender tilbakemelding på "Framtidsbilete" til vurderar Rektor sender ut brev om foreldremøte til FAU og klassekontakter	Rektor
Veke 42	Vurderar sender samtaleguidar for elevar, lærarar og foreldre til skulen. Rektor distribuerer dei til informantane	Vurderar og rektor
Veke 43	<b>Vurderingsveka – 21.-23.10.2014</b>	
21.10.2014	<b>Tysdag:</b> Vurdererane møter på skulen kl.07:45 og møter rektor og personalet. Lærarane går til klassane kl.07:50 08:00 – 08:45: samtale med elevar frå 1. og 2.klasse 08:45 – 09:30: samtale med elevar frå 3.og 4.klasse 09:30 - 10.15: samtale med elevar frå 5. og 6.klasse 10:15 – 11:00: samtale med elevar frå 7.klasse 11:00 – 11.45: Lunsj 11.45 – 12:30: observasjon 12.30 – 14.00: samtale med lærarane på 1.-4.trinn 14.00 – 15.30: samtale med lærarane på 5.-7.trinn 15.30 – 15.45 (16.00): Oppsummeringssamtale med rektor 19:00-20:30 Foreldremøte i amfiet	
22.010.2014	<b>Onsdag:</b> 08.00-13.00: Observasjon 10:20 - 11.00: Samtale med assistentane (kantine/storefri for elevane) 11:00 – 11.45: Lunsj 13.00 – 14.00: Samtale med teamleiarane 14.00: Oppsummering med rektor 14.15: RAPPORT-SKRIVING	
23.10.2014	<b>Torsdag:</b> 08.00 – 12.00: Vurderarane arbeider med rapporten 13.00-14.00: Gjennomgang av rapport for rektor/skuleleiinga. 14.00-15.00: Rapportframlegging for personalet o.a. på Sæbø skule Vurderarane reiser heim	

## **Vedlegg C. Metoder**

Skolen har allereie ein del data gjennom ståstadsanalysen og organisasjonsanalysen, som utgjør eit godt grunnlag for val av område for ekstern vurdering. For å sikre god forankring og at alle stemmer blir høyrd, vert det henta det inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). For å få best mogleg kvalitet på informantar frå elevene, vert rektor beden i samarbeid med kontaktlærarane, om å plukke ut elevar som skal intervjuast.

Rektor får og ansvaret for å sette opp ein plan for intervju med personalet slik at skulen kan fungere under vurderingsveka.

Alle intervju er gruppeintervju.

Tema og tid til rådighet verker inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

### **Ståstadsanalyse**

Prosess Ståstadanalyse vinteren 2014:

Prosess starta etter første samling med rettleiarane frå Udir. Prosessen vart gjennomført nokså nøyaktig etter det opplegget som ligg på udir sine sider. Vi såg filmsnuttane på førehand før kvar fase. Eg skreiv ut undersøkinga til lærarane, og den vart gjennomgått i fellesskap på førehand. Etter gjennomgang var det sett av ein time slik at lærarane kunne svara mens dette var ferskt. Dermed vart svarprosenten høg, og problemstillingane ferske.

Før fase tre fekk vi opplyst at vi kunne få ekstern skulevurdering i løpet av våren, men då måtte vi ha konkludert, både på tema, og om vi ville, innan ein dato midt i mars, hugsar ikkje dato. Plangruppa hadde sett opp korleis lærarane i grupper skulle arbeida i fase 3 før opplysningane om skulevurdering. Sjå vedlegg frå plangruppemøtet 04.03.14.

Fase 3 vart ikkje så god som den kunne blitt. Vi vart for hastige med å finna utviklingsområde, og fekk difor ikkje så god swot som vi kunne ha fått.

Når det er sagt, er det ingen grunn til å meina at utviklingsområdet, tilpassa opplæring, er feil. Eg meiner berre at vegen til konklusjonen vart for kort.

Sæbø skule 17.10.14, Rolf Sandstad

### **Dokumentanalyse**

I tillegg til ståstedsanalyse sender skulen diverse relevante dokument til vurderer, for eksempel verksemdsplan, arbeidsplaner, resultat av undersøkingar på skulen osv.

### **Samtaleguidar**

For å fange lik tematikk, har vurderarane i forkant utarbeida ulike samtaleguidar til hjelp for samtalar med elevgrupper, foreldre og ulike grupper medarbeidarar på

skulen. Spørsmåla i desse samtaleguidane er alle henta frå framtidsbildet sine teikn på god praksis.

**Møte**

Med elevrepresentantar frå 1.-7.klasse, foreldremøte (22 føresette), alle lærarane, assistentar/fagarbeidarar og leiargruppa.

**Observasjon**

I alle klassar

**Logg**

Observasjonslogg

## **Vedlegg D. Tomme samtaleguidar**

### **Samtaleguide elevar**

<b>Kvalitetsmål</b>	<b>Teikn på god praksis</b>
Elevane trivs og opplever mestring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Veit de kva dykk skal lære?</li><li>• Får de velje ulike oppgåver for å nå læringsmåla?</li><li>• Får de ta i bruk ulike arbeidsmåtar for å nå læringsmåla?</li><li>• Korleis er de med og vurderer eiga læring?</li></ul>
Lærarane gir opplæring tilpassa den enkelte elev si evne og føresetnad	<ul style="list-style-type: none"><li>• Snakkar læraren med dykk om resultatet frå kartleggingsprøvene?</li><li>• Får de opplæring i ulike læringsstrategiar?</li><li>• Gjer læraren dykk kjend med vurderingskriteriene i faga?</li><li>• Kva for tilbakemeldingar får de om korleis dykk ligg an i forhold til læringsmåla?</li><li>• Fortell læraren deg korleis du kan arbeide for å bli betre?</li></ul>
Forventningar mellom skule og heim er avklart	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kjenner foreldra dykkar til læringsmåla?</li><li>• Blir foreldra kjend med omgrepet og innhaldet i tilpassa opplæring?</li><li>• Veit foreldra korleis dei kan hjelpe dykk i læringsarbeidet?</li><li>• Blir det under utviklingssamtalen avtalt tiltak som fremmer dykkar læring?</li></ul>

## Samtaleguide lærerar

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Elevane trivs og opplever mestring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis veit elevane kva dei skal lære?</li><li>• Korleis får elevane velje ulike oppgåver for å nå læringsmåla?</li><li>• Korleis får elevane ta i bruk ulike arbeidsmåtar for å nå læringsmåla?</li><li>• Korleis er elevane med og vurderer eiga læring?</li></ul>
Lærarane gir opplæring tilpassa den enkelte elev si evne og føresetnad	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis blir resultat frå kartleggingar brukt for å tilpasse opplæringa til alle elevane?</li><li>• Gir lærarane elevane opplæring i ulike læringsstrategiar?</li><li>• Er det utabeida vurderingskriterier for faga?</li><li>• Gir lærarane fortløpande tilbakemeldingar om korleis elevane ligger an i forhold til læringsmåla og rettleiar eleven i vidare arbeid?</li></ul>
Forventningar mellom skule og heim er avklart	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis kjenner foreldra til læringsmåla?</li><li>• Blir foreldra kjend med omgrepet og innhaldet i tilpassa opplæring?</li><li>• Veit foreldra korleis dei kan hjelpe elevane i læringsarbeidet?</li><li>• Blir det under utviklingssamtalen avtalt tiltak som fremmer eleven si læring?</li></ul>
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Når og korleis jobbar personalet med erfaringsdeling og drøfting av tilpassa opplæring?</li><li>• Drøftar skulen resultat frå det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for å betre læringsresultata?</li><li>• Har skulen system for å fange opp og sette inn tiltak når</li></ul>

	elevar har svak fagleg utvikling? <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er leiinga og tilsette lojale overfor vedtak som er fatta ?</li> </ul>
--	--

## Samtaleguide assistentar/fagarbeidarar

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Elevane trivs og opplever mestring	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis veit elevane kva dei skal lære?</li> <li>• Korleis får elevane velje ulike oppgåver for å nå læringsmåla?</li> <li>• Korleis får elevane ta i bruk ulike arbeidsmåtar for å nå læringsmåla?</li> <li>• Korleis er elevane med og vurderer eiga læring?</li> </ul>
Lærarane gir opplæring tilpassa den enkelte elev si evne og føresetnad	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis blir resultat frå kartleggingar brukt for å tilpasse opplæringa til alle elevane?</li> <li>• Gir lærarane elevane opplæring i ulike læringsstrategiar?</li> <li>• Kjenner de til om det er utabeida vurderingskriterier for dei ulike faga?</li> <li>• Korleis gir læraren fortløpande tilbakemeldingar om korleis elevane ligger an i forhold til læringsmåla og rettleiar eleven i vidare arbeid?</li> </ul>
Forventningar mellom skule og heim er avklart	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis kjenner foreldra til læringsmåla?</li> <li>• Kjenner de til kva avtalar som er gjort på utviklingssamtalen?</li> </ul>
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Når og korleis jobbar personalet med erfaringsdeling og drøfting av tilpassa opplæring?</li> <li>• Drøftar skulen resultat frå det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for å betre læringsresultata?</li> <li>• Har skulen system for å fange opp og sette inn tiltak når elevar har svak fagleg utvikling?</li> <li>• Er leiinga og tilsette lojale overfor vedtak som er fatta ?</li> </ul>

## Foreldremøte Sæbø skule 21.oktober 2014

**Tema: Tilpassa opplæring!**

### Generelt:

1. Kva er Sæbø skule god på?
2. Kva kan Sæbø skule bli betre på?
3. Kva kan de som foreldre bli betre på?

### Tilpassa opplæring:

4. Korleis blir de kjend med eleven(ane) sine læringsmål?
5. Korleis orienterer skulen dykk om omgrepet og innhaldet i tilpassa opplæring?
6. Får de vite korleis dykk kan hjelpe eleven(ane) i læringsarbeidet
7. Blir det under utviklingssamtalen avtalt tiltak som fremmer eleven(ane) si læring?